

# **Retningslinjer for næringsfondet**

**i**

## **Gol kommune**

Endra i samsvar med vedtak i K-sak 0055/00 den 21.11.00

## RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET I GOL KOMMUNE

### § 1 Kraftfond – Heimel, kapital og avkastning

Alle konsesjonsavgifter, renter og annen avkastning skal takast til inntekt for kraftfond og må disponerast i samsvar med vedtektene. Det er ikkje høve til å opprette fond for delar av kommunen eller for spesielle næringer, med mindre dette er klart føreset i konsesjonsvilkår.

### § 2 Føremål

Næringsfondet skal fyrst og fremst nyttast til næringsføremål, i form av vidareutvikling av eksisterande og etablering av ny næringsverksemd. Dette inkluderar også investeringar i kommunale og regionale fellestiltak.

Døme på prosjekt som kan støttast er følgjande:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid**  
t.d. næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadsutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd,**  
t.d. kommunal tilrettelegging av næringsareal, fysisk stadsutvikling og infrastrukturtiltak.
- **Bedriftsutvikling,**  
t.d. etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkelser og planlegging
- **Investering i bedrifter**  
t.d. utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart eller utviding av bedrifter.

Det kan ikkje gjevast støtte til investeringar i ikkje-varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller løpande drift i private verksemdar. Midlane kan heller ikkje nyttast til løpande drift av kommunen med unntak av avdrag på lån og avlønning av tiltakskonsulent/næringsjef. Utover dei prioriteringane som er gjort i Strategisk næringsplan, bør alle næringer stillast likt ved tildeling får næringsfondet. Tiltak som bidreg til auka sysselsetting for kvinner og ungdom i kommunen vert imidlertid gjeve prioritet.

### § 3 Støtteformer

Næringsfondet kan etter nærare spesifisering nyttast til:

- lån og garanti for lån
- tilskot

Fondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andelsar i privat næringsverksemd. Kommunen vil lett kunne kome i ei uheldig dobbeltrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån. Støtte ved for eksempel nyetableringar kan i staden gjevast som tilskot eller ansvarlege/betinge lån.

Det kan stillast garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiføremål med omsyn til kommunelova § 6\51, jf. departementets foreskrifter om kommunal garantistillelse.

#### **§ 4 Forholdet til internasjonale avtaler i høve til statsstøtte**

Støtta må vera i samsvar med det internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalas regelverk for offentleg støtte, EØS-tillegget til dei europeiske felleskapstidende nr. 32, av 3. september 1994 med seinare endringar og tillegg).

Prosjekt i kommunal regi, som næring-, tiltaks- og infrastrukturprosjekt blir ikkje omfatta av reglane for offentleg støtte, jf. 1. ledd.

#### **§ 5 Støttevilkår**

Søkjjar må vera over 18 år. Verksemda må vera registrert i – og drivast frå kommunen.

Det blir stilt følgjande krav til søkjaren:

- ikkje vera dømt for økonomisk misleghald siste to år
- for tida ikkje ilagt konkurskarantene
- ikkje er under rettsleg etterforskning i økonomiske saker
- godkjenner at rådmann kan innhente kredittopplysningar om søkjaren/verksemda

Oppdatert skatteattest frå kommunekasseraren, og attest frå skattefuten om meirverdiavgift skal ligge ved søknaden. Eventuelle uriktige opplysningar/hemmeleghald av naudsynte eller relevante opplysningar kan medføre krav om tilbakebetaling av tilskot/lån.

Oppdaterte skatteattest frå kommunekasseraren, og attest frå skattefuten om meirverdiavgift skal ligge ved søknaden. Eventuelle uriktige opplysningar/hemmeleghald av naudsynte eller relevante opplysningar kan medføre krav om tilbakebetaling av tilskot/lån.

Tiltaket som det blir søkt støtte til skal normalt ikkje vera sett i gang før løyving eventuelt blir gitt. Ei eventuell gjennomføring av heile eller delar av tiltaket før søknad om støtte skal opplysast i søknaden.

Fullfinansiering må dokumenterast før tiltaket blir sett i gang, med mindre anna kjem klart fram av vedtaket. Søkjjar er sjølv ansvarleg for å skaffe naudsynt informasjon og materiell i samband med søknaden.

Etter vedtak har verksemda tre år på å gjennomføre tiltaket. Løyvinga blir da automatisk inndrege, med mindre det innan fristen blir søkt om og gjeve utsetting. Etter kvart som tiltaket vert dokumentert gjennomført kan ein søkje inntil to delutbetalingar, basert på godkjent kostandsoverslag . 25 % av totalbeløpet skal uansett haldast attende inntil tiltaket er gjennomført og dokumentert i samsvar med plan og vedtak. Etableringstilskot kan normalt utbetalast i si heilheit når verksemda er sett i gang.

Samla offentleg støtte (tilskot og samla fordel av rentefritt investeringslån) skal vera begrensa til maksimal bagatellmessig støtte, innanfor ein samla grense på 100.000 ECU (omrekna i forhold til referansekurs fastsatt av ESA (EFTA Surveillance Authority) – EFTA's overvåkningsorgan – kvart år) til ein og samme bedrift i ein tre-års periode.

Alle verksemder kan få bagatellmessig støtte. Det kan gjevast bagatellmessig støtte til alle type kostnader og næringer, unntatt støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport

og eskport. I søknaden pliktar s kjaren   opplyse om kva slags type, eventuelle vilk r og st rrelsen p  st tte foretaket totalt har motteke dei siste tre  r.

Som hovudregel skal samla st tte fr  n ringsfondet og andre offentleg st tteordningar til privat verksemd ikkje overstig 50 % av det totale kapitalbehov. Det kan gjevast inntil 75 % st tte til nyetablering, prosjekt retta mot kompetanseutvikling, milj retta tiltak eller prosjekter som har s rleg betydning for kvinner og ungdom. Samla finansieringsplan for tiltaket skal g r fram av s knaden.

Investeringsl n kan normalt gjevast med inntil 20 % n r det blir ytt anna offentleg finansiering eller inntil 30 % n r slik st tte ikkje blir ytt. Normalt m  minimum kostnadsoverslag utgjera kr. 100.000 f r s knaden blir handsama.

Tilskot kan normalt gjevast med inntil 10 % n r det blir ytt anna offentleg finansiering eller inntil 20 % n r slik st tte ikkje blir ytt. Normalt m  minimum kostnadsoverslag utgjere kr. 15.000 f r s knaden blir handsama.

Investeringsl n skal normalt ikkje tinglysast, men bli belasta med eit etableringsgebyr p  kr. 1.000 ved f rste delutbetaling. Ein m  underskrive gjeldsbrev som inneheld l neavtale og vilk ra mellom Gol kommune og s kjar (ansvarleg l n). L net er avdragsfritt i 3 eller 5  r, for deretter avdragsperiode p  3 eller 5  r, p  bakgrunn av individuell vurdering av behov ved tildeling. Investeringsl net er rentefritt i heile perioden. Tilbakebetalinga skal skje to gonger i  ret med like store bel p i avdragsperioden. Vedr rande investeringar i utleiobjekt (fast eigedom som for eksempel utleiehytter) skal l net likevel tinglysast, for s kjaren si rekning, med tinglysningssperre om at objektet ikkje kan nyttast til annan verksemd enn i samsvar med planen i 15  r.

Dersom verksemda innan den avdragsfrie perioden startar   betale utbytte, vil samtdi avdragspreioden starte og det vil p l pe renter av l net.

Dersom verksemda blir lagt ned eller foretaket avvikla eller flytta ut av kommunen, skal restl n betalast tilbake straks. Utbetalt tilskot og/eller kommunen si opprinnelege bel p til aksjekj p, skal umiddelbart betalast tilbake, med mindre det er meir enn 5  r fr  vedtaksdato. 5- rs regelen gjeld ikkje l n.

L n likestillast med eigenkapital i ein eventuell framtidig konkurs- eller gjeldssanerings-situasjon. Kommunen kan krevje restl net betalt tilbake straks, og utan s ksm l (jf. Tvangsfullbyrdingslova   7-2), dersom avvikling viser frie verdiar utover dekning av pantsikra gjeld.

Verksemda skl uoppfordra sende  rsrekneskapet til kommunen i minimum tre  r, fr  og med vedtaket til og med siste  ret i avdragsperioden. Er verksemda revisjonspliktig skal dette vera gjennomf rt f r innsending.

I tillegg til reglane her og i   4 kan ein sette n dvendige grenser og vilk r, p  bakgrunn av kontret vurdering av den enkelte sak. Dette skal framg  av vedtaket. Eventuelt brot kan medf re umiddelbar tilbakebetalingsplikt, med mindre det blir inng tt ny avtale eller godkjennast fritak fr  vilk r av tilsvarande kommunale styresmakter som tidlegare innvilga st tte.

## **§ 6 Forvaltning**

Kommunestyret har utpekt formannskapet som fondsstyre for Næringsfondet i Gol kommune. Oppgåvene til styret framgår av vedtaktene for fondet.

Delegasjonsreglementet angir til kvar tid kva som kan fattast av rådmannen og det enkelte kommunale organ. Saksførebuing er lagt til rådmannen.

Fondsmidlane blir plassert på rentebrande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid.

Annan plassering kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til kvar tid. Renter og tilbakebetalte midlar og avdrag blir tilbakeført fondet. Fondsmidlane skal vera integreert i kommunebudsjettet og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapet lagas tein samla oppstilling av inntekter og utgifter.

## **§ 7 klage**

Rett til å klage har den som er part i saka eller annen med rettsleg klageinteresse.

Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen vedtaket kom fram. Eventuell klage skal sendast Gol kommune, Klagenemda, 3550 Gol. Klaga skal vera underteikna, og oppgi det vedtaket det klagast over, oppgje dei endringane ein krev og dei grunnar klagen støttar seg på. Klaga rein så sein at det er uklart om klagefristen er overskriden, skal ein oppgje når vedtaket kom fram.

## **§ 8 Årsmelding**

Formannskapet legg fram årsmelding for kommunestyret kvart år i eige dokument eller saman med den generelle årsmeldinga.

## **§ 9 Godkjenning av retningslinjene**

Retningslinjene kan endrast etter vedtak av kommunestyret, så lenge desse ikkje strider mot vedtektene for Næringsfondet.

Gol, den 25.09.2000

Lornts Letnes  
Rådmann